

# Innbyggjarundersøking reiseliv

## Voss, 2022



## Innhald

1.	Bakgrunn .....	2
2.	Metode og respons .....	3
3.	Berekraftig reiselivsutvikling .....	4
3.1.	Kor berekraftig oppfattast turismen på Voss? .....	5
3.2.	Over- eller underturisme, eller akkurat passe?.....	6
4.	Reiselivet si betydning.....	8
4.1.	Haldningar til turisme.....	8
4.2.	Reiseliv og stadutvikling .....	9
4.3.	Attraktivitet for besøkande og innbyggjarar .....	11
5.	Utfordringar og forbettingspotensial .....	13
5.1.	Innspel og kommentarar .....	14
6.	Avsluttande kommentarar .....	17



Voss herad

**VISITVOSS**

## 1. Bakgrunn

Sommaren 2022 sette Visit Voss og Voss herad i gang ei innbyggjarundersøking, for å høyra innbyggjarane sine tankar og meininger om korleis turismen påverkar bygda vår, og kva reiseliv dei ynskjer i framtida.

Innbyggjarundersøkinga vart gjennomført i perioden juli - oktober 2022. Responsen var svært god, ein fekk inn heile 1256 svar. Svara kan difor langt på veg seiast å vere representative for innbyggjarane i Voss Herad. **Tusen takk til alle som tok seg tid til å svare på undersøkinga!**

Det er utruleg kjekt å lese alle kommentarane som er komne inn, innspel til endringar, positive ord, og utfordringar som må jobbast med. Svara som er komne inn har vore viktig grunnlag og utgangspunkt for arbeidet med å lage ny reiselivsstrategi for Voss. Innspel og svar frå vossingane vert ein viktig premiss for korleis Visit Voss og heradet prioriterer satsing på reiseliv frametter.

Det er gledeleg å lese at vossingar flest er svært positiv til reiseliv, og dei fordelane næringa fører med seg for lokalsamfunnet! Heile 82% stiller seg generelt positive til reiselivet på Voss, medan berre 5% stiller seg generelt negative til reiselivet på Voss.

Næringa fører også med seg nokre ulemper for innbyggjarane. Det som kjem tydelegast fram er utfordringar med tilrettelegging i sentrum og Vangen; toalettfasilitetar, søppelhandtering, parkeringsmogleheter, skilting og informasjon, camping og bubiltilbod.

Mange trekkjer også fram fritidsbustadutviklinga; hytteturisme og hyttefelt som fører til nedbygging av natur og naturverdiar er utfordrande.

Konsulentfirmaet Mimir har hjelpt oss med prosessen. Dei har analysert innbyggjarundersøkinga og skrive denne rapporten, takk også til dei!

Gry Bystøl Gladheim

Leiar Visit Voss



Voss herad

## 2. Metode og respons


Spørjeundersøkinga vart gjennomført i perioden juli til oktober, 2022. Målet var å få breiest mogleg respons blant den vaksne befolkninga busett i Voss herad, og deira syn på reiselivsutvikling i regionen. Undersøkinga vart distribuert digitalt, gjennom kanalar som Facebook, lokalavisa, nettsider til både Visit Voss og heradet.

Totalt antal respondentar endte på 1256.


Med utgangspunkt i at den generelle populasjonen består av samlege innbyggjarar mellom 15 – 90 år, ca. 13 000 personar (SSB 2022), og gitt eit konfidensintervall på 95%, gjev det ein feilmargin på 3%.<sup>1</sup> Enklare forklart kan me sei at responsen har vore svært god, og at svara langt på veg kan seiast å vere representative for innbyggjarane i Voss herad. Det er ei god fordeling innan aldersgrupper og bustad. Noko skeivfordeling innan kjønn, men her er det ein usikker feilmargin då ein del ikkje har oppgitt kjønn. Det er også god fordeling blant respondentar som er tilflyttarar, tilbakeflyttarar og personar som har vaks opp og budd her heile livet (fig. 2).

### Oppsummert:

- Antal respondentar (N): 1256
- Gjennomføring: juli – september 2022
- Menn: 37,4% / Kvinner: 62,2%
- Alder: god fordeling i aldersgruppene
- Feilmargin: 3% v/95% konfidensintervall



Figur 1 "Kvar på Voss bur du?" (N=1186)



Figur 2 "Kva er di tilknyting til Voss?" (N=1253)

<sup>1</sup> Med 3% feilmargin og eit 95% konfidensnivå kan me f.eks. sei at: "Me kan vere 95% sikker på at dersom alle innbyggjarar (heile populasjonen) hadde avgitt svar, så ville svara falle innanfor +/- 3% av svara i denne undersøkinga.

### 3. Berekraftig reiselivsutvikling

Innbyggjarundersøkinga er ein viktig del av arbeidet med Merket for berekraftig reisemål, som vart tildelt Voss under Ekstrem sportveko 2021.

Merkeordninga byggjer på internasjonale standardar for korleis eit reisemål kan sikre betre grep om eiga retning og utvikling i eit samspel mellom reiseliv, kommune og lokalsamfunn.

På nyåret 2022 vart versjon 3.0 av merkeordninga lansert. I denne ligg eit enno tydelegare fokus på samanhengen mellom reiselivs- og lokalsamfunnsutvikling.

Til grunn for merkeordninga ligg Innovasjon Norge sine 10 prinsipp for berekraftig reiseliv, basert på FNs turismeorganisasjon sine berekraftsmål (UNWTO). Også i merkeordninga til Innovasjon Norge er det no lagt større vekt på punkt 2,3,5 og 6 (sjå fig. 4).

Reiselivet sine konsekvensar for naturmangfold, klimautslipp og samspelet med lokalsamfunnet er kritiske faktorar for ei berekraftig utvikling.

Innbyggjarundersøkinga er det viktigaste verktøyet for å måle innbyggjartilfredsheit ift. reiselivsutviklinga i regionen, og for å vurdere om reiselivsutviklinga skjer på lokalbefolkinga sine premiss.



Figur 3 Sak på Visit Norway, våren 2021. <https://business.visitnorway.com/no/nyheter/2021/innovasjon-norge-har-tildelt-voss-merket-for-barekraftig-reisemal/>



Figur 4 Innovasjon Norges 10 prinsipper for bærekraftig reiseliv

### 3.1. Kor berekraftig oppfattast turismen på Voss?

Samla sett oppfattast turismen på Voss langt på veg som berekraftig (sjå fig. 5).

- 44% oppfattar turismen der dei bur som ganske / svært berekraftig
- 36% stiller seg midt på treet
- 17% opplever at turismen i liten grad er berekraftig

De kvalitative kommentarane viser at innbyggjarane har ei nyansert oppfatning av reiselivet si betydning, på godt og på vondt.


Positive opplevingar med turisme handlar først og fremst om sosiale og økonomiske forhold, alt frå dei mellommenneskelege sidene, kulturutveksling, liv i sentrum, verdiskaping, arbeidsplassar og aktivitetstilbod.

Negative opplevingar med turisme handlar langt på veg om strukturelle utfordringar, knytt til informasjon, infrastruktur, og korleis få rett gjest til rett stad til rett tid.

Eksempelvis er det ulike opplevingar knytt til ulike former for turisme, eks. bubilturist vs. ekstremsportutøvarar, vs. cruiseturistar osv. (sjå punkt. 3.2.).

Haldningar til, og erfaringar med ulike typar turisme har ikkje vore hovudvekt i denne undersøkinga, men er viktig å ta høgde for i vidare utvikling og tilrettelegging av reiselivet i Voss herad.

Dei kvalitative innspela presenterast nærare i kap. 4.



Figur 5 "Alt i alt, kor berekraftig opplever du at turismen er der du bur?" (N=955)

### 3.2. Over- eller underturisme, eller akkurat passe?


Eit viktig aspekt ved sosial berekraft er innbyggjarane si oppfatning av kor vidt det er for mange turistar, og om turisme fører til irritasjon i lokalsamfunnet. Også for stader som ynskjer meir reiseliv er det viktig å sjå at for mange besøkjande på ein stad, kan gå ut over naturen, kulturen eller lokalsamfunnet sine tolegrenser. Eit berekraftig reiseliv føreset difor høg grad av samhandling mellom offentlege, private og frivillige aktørar. Her har kommunen som plan- og reguleringsmyndighet ei viktig rolle.

På Voss meiner **ein av ti** at det er for mange turistar i dag, medan **fire av ti** meiner det er plass til fleire, og vurderer det som «for få» turistar. Dei fleste opplever antal turistar som akkurat passe. Sjølv om turismen i si heilheit vurderast som passe kan det vere enkelte områder som tider av året kan opplevast som pressområde.

**På sommaren** er det fyrst og fremst sentrum og Vangen som vert opplevd som folksam, både på godt og vondt. Ein del skildrar det som svært hyggeleg med liv i sentrum, medan ein del av dei negative kommentarane går spesielt på parkeringsutfordringar og irritasjon knytt til manglende infrastruktur for bubilturisme og uheldige campingar/bubilplasseringar i sentrumsområdet. Også enkeltanledningar slik som Ekstremsportveko, Voss cup og eks. regnfulle dagar på Vossabadt opplevast som særleg folksame.


**På vinteren** går kommentarane fyrst og fremst på at det er folksamt i Myrdalen, og heisområda i skiløyper. Andre områder illustrerast i ordsky, fig. 8.

Korleis vurderer du talet på turistar på Voss, i dei fylgjande kategoriane?



Figur 7 "Korleis vurderer du talet på turistar på Voss, i dei fylgjande kategoriane?"

Når du ser framover i tid, korleis ynskjer du at talet på turistar skal utvikla seg der du bur?



Figur 6 "Når du ser framover i tid, korleis ynskjer du at talet på turistar skal utvikla seg der du bur?" (N=1062)

Tabellen illustrerer stader som opplevast som folksame til tider, og gjev eit inntrykk av overturisme i sentrum. For dei fleste handlar det meir om trafikk og parkeringsutfordringar, kø i matbutikk og irritasjon over bubar enn at det er for mange mennesker.

Oppsummert:

- Dei fleste meiner det er akkurat passe antal turistar, både mht. cruise, bobil, gruppereiser og individuelle
- 43% vurderer talet på turistar som akkurat passe per i dag
- 38% meiner det er litt eller alt for få turistar på Voss i dag
- Berre i overkant av 10% meiner det er for mange turistar på Voss i dag
- 58% ynskjer at talet på turistar skal auke der dei bur, mot 8% som ynskjer at det vert færre turistar.

Sentrum	46	Vossababet	4
Vangen	31	Vikafjellet	4
Parkeringsplassane	23	Skianlegg	4
Myrkdalen	23	Legevakt	4
Voss cup	16	Kiellandsbu	3
Bavallen	8	Raudalen	3
Bømoen	8	Bjørko	3
Togstasjonen	8	Tinghusplassen	3
Hangurstoppen	7	Skiløyper	3
Bakkanosi	6	Stalheim	1
Prestegardsmoen	5		

Figur 8 «Tabell basert på innspel på spørsmålet: Er det nokon pressområde/stader i Voss herad du meiner det er for mange besökande i løpet av året?» (N=474)

Sitat frå spørsmålet: **Er det nokon pressområde/stader i Voss herad du meiner det er for mange besökande i løpet av året? Beskriv kvar og når på året:**

«Vangen om sommaren og Vosscup. For lite parkering og fullt på restauranter»

«Synes det er for mange bubar som parkerer på tinghusplassen og parkeringa til idrettshallen»

«Nei, absolutt ikkje. Me treng fleire turistar»

«For mange bubar som tek seg til rette på parkeringsplassane i sentrum»

«Det bør leggjast til rette for camping utanfor sentrum, ikkje midt i sentrum»

«På sommenen er det press på f.eks. Bjørke og Raudalselva, som ikke har tilstrekkelig infrastruktur (toalett, benker ++), parkering og skilting for den mengden turister som har begynt å komme. Videre er det også press på populære turmål som Kiellandsbu, Oksen, Breiskrednosi og Bakkanosi - som også fører til parkeringstrøbbel, utfordringer for grunneiere, forsøpling og slitasje på naturen»

«Skiløypene i Herresåsen, bør utvida løpenettet»

«Primært Oksen, Jordalen, Kiellandsbu, Raudalselva. Gjeld høgsesong»

«Innkomstvegane til sentrum, kork både seint og tidleg... Året rundt»

«Tvindefossen juni»

## 4. Reiselivet si betydning

Det er ein stor samanheng mellom kva som gjer ein stad god å bu og god å besøke. Denne innbyggjarundersøkinga bekreftar at det også gjeld for Voss. Ein signifikant andel er positive til reiselivet på Voss.


### 4.1. Haldningar til turisme

Den positive haldninga til turisme gjeld samlede områder/grender som er definert i undersøkinga. Områda der flest stiller seg positive til turisme er Evanger, Bjørgum, Sentrum og Bulken (sjå fig. 9). Granvin, Myrdalen og Jordalen/Stalheim er nedst på rangeringa. Her er det også lågast antal respondentar og utfallet blir i så måte mindre plausibelt når det isolerast på den måten. Alt i alt er det snakk om relativt små marginar, og eit generelt positivt forhold til reiselivet på Voss.

- 82% stiller seg generelt positive til reiselivet på Voss
- 5% stiller seg generelt negative til reiselivet på Voss



Generelt kor positiv er du til reiselivet på Voss?



Figur 9 "Generelt kor positiv er du til reiselivet på Voss?" (N=1187)

## 4.2. Reiseliv og stadutvikling

At turisme kan spille ei sentral rolle i stads- og lokalsamfunnsutvikling har vorte endå tydelegare i kjølvatnet av pandemien. Innbyggjarane i Voss Herad ser på turisme som viktig for både sysselsetting, og for Voss sin posisjon som regionssenter. Eit meir levande sentrum, og eit mangfaldig tilbod innan aktivitetar, servering og uteliv er også gjennomgående attendemelding med tanke på positive sider ved turismen.


- 90% er einig i at turismen skapar arbeidsplassar
- 86% meiner turismen gjer sentrum meir levande
- 83% meiner turismen styrker Voss som regionsenter
- 55% er einig i påstanden om at «turistane ikkje medfører nokon utfordringar i lokalsamfunnet», mot 14% som er ueinige i denne påstanden

Målingane bekreftast og nyanserast i dei kvalitative tilbakemeldingane. På spørsmålet «Opplever du andre positive sider ved turismen der du bur?» skildrast ulike aspekt ved turisme, som er nært knytt til stads- og lokalsamfunnsutvikling.

Innspela handlar om turismen si betydning for bulyst, blilyst, sysselsetjing, verdiskaping og levande bygder og grender. Fleire skildrar betydninga reiselivet har for tilflytting og for eit mangfaldig og spennande aktivitetstilbod. Det ser ein også i talet på respondentar som sjølv oppgjev å vere tilflyttar (36%).

Ordska illustrerer dei mest gjennomgåande innspela som handlar om positive sider ved turismen i området.

Liv i bygda, liv i sentrum og eit mangfald av aktivitetar, opplevelingar, arbeidsplassar og økonomi er mest gjennomgåande tema av positive sider ved turisme.



Figur 10 "Kor einig eller ueinig er du i følgande utsegn om positive sider ved turisme, der du bur?" (N=504)

Det er også interessant å sjå kor mange som ser på turisme som viktig for tilflytting, og for opplevinga av å bu på ein interessant plass med nye impulsar. Ei aukande mengde forsking underbygger også samanhengen mellom stadstilhørsle og besøkstilfredsheit, og der igjennom potensialet for tilflytting.<sup>2</sup>

#### Sitat fra svar på spørsmålet «Opplever du andre positive sider ved turismen der du bur?»

«Opplever det som bare positivt. Skaper mer inntekt og aktiviteter. Generelt et bedre livsgrunnlag for næringer. Veldig bra!»

«Folk flyttar hit etter å ha vore her på ferie/arrangement/festivalar»

«Arbeidsplasser. Turismen skaper ett inntrykk av at man bor på en attraktiv plass. Dette fører til mindre fraflytting. Og bidrar til eierskap av kommunen»

«Skaper aktivitetstilbud som er avgjørende for at jeg kom til/blir på Voss»

«Positivt at dei bidrag med lokaløkonomi, med å handla på berekraftige lokale gardar, eller vitja kulturaktivitetar ute i bygde!»

«Dei aktive turistane gjev godt omdømme til Voss via sosiale medie, jungeltelegrafen osv. Bør satse på å legge ein god plan f.eks. for å oppretthalde ekstremsportmiljøet, og evt. etablere fleire tilbod liknande klatreparken osv. Guida turar m/aktivitet har eit stort potensiale og trur Voss kan bli endå betre på»



Figur 11 Ordsky basert på innspel til spørsmålet: "Opplever du andre positive sider ved turismen der du bur?" (N=255)

<sup>2</sup> ([Williams and McIntyre 2012](#))


#### 4.3. Attraktivitet for besøkande og innbyggjarar

Telemarksforsking sin attraksjonspyramide (fig. 12) illustrerer samanhengen mellom det å bu, skape utvikling i næringslivet og det å vera ein attraktiv stad å besøke. Bakgrunnen er forsking som visar at det er ein slik samanheng, og at den attraktiviteten som kan skapast gjennom å utvikle ein stad som reise- og besøksmål, også påverka bu- og etableringslyst.

Næringsutvikling og verdiskaping knytt til turisme handlar eksempelvis om det å få dei reisande til å bli lengre / auke oppholdstida, utvikle og styrke turismen i grendene og distrikta og sentrumsutvikling / tilrettelegging på Vangen.

Ser me til hytteundersøkinga, gjennomført sommaren 2021, vart «naturen og turmogleheitene» oppgitt som den viktigaste årsaka til å ha fritidsbustad på Voss. I skildringa av kva som var mest positivt ved Voss som feriestad blei det i dei kvalitative tilbakemeldingane i særleg grad lagt vekt på kombinasjonen mellom nærliek til natur- og turmogleheter, eit levande sentrum, og moglegheita for å handle det ein treng lokalt, samt mangfoldet av aktivitetar og opplevingar. Sitatet (fig. 12) er henta frå fritidsbustadundersøkinga og summerar opp det som ein del beskrev som attraktivt med Voss som feriestad, i lys av å vere fritidsbustadeigar.

I innbyggjarundersøkinga er det mykje likt i skildringa av kva som gjer Voss til ein attraktiv plass for innbyggjarar og besøkande.



Naturen, muligheter for turer hel året. Hyggelig bygd, hyggelige folk, Nærhet til Bergen - kort reisevei. Alpinanlegg i Myrdalen.

Figur 12 iOvenfor: Sitat fra hytteundersøkelsen på spm. "Hva mener du er det mest positive ved Voss som feriested?"

<- Til venstre: Attraktivitetspyramiden.  
Telemarksforskning 2013 «[Duet eller Duell?](#)  
[Reiseliv og lokalsamfunnsutvikling](#)» [Link](#)



Foto: Voss Flow

Ordskya (fig. 13) illustrerer tema som var gjennomgående. Det overordna inntrykket er at kombinasjonen mellom det urbane tilbodet i Voss sentrum, kulturtilbodet, og mangfoldige naturopplevelser er viktig for attraktiviteten ovanfor både besøkande, tilflyttarar og innbyggjarar.

Dei ulike miljøa innan ekstremsport skildrast som viktig for det internasjonale omdømmme. Landbruk, levande bygder og lokalsamfunn, samt menneska er gjennomgåande for kva som skapar attraktivitet og trivsel.

#### Sitat frå svar på spørsmålet «Kva gjer Voss til ein attraktiv stad for fastbuande og besøkande?»

«Voss er lite men stort. Mange fritidstilbod og moglegheit for å vere aktiv og i friluft like utanfor døra»

«At det er liv hele året med sommer og vinteraktiviteter»

«Naturen sjølv sagt. Og småbyroen. Vert turistnæringa bygd ut stort meir, undergravast det som gjorde at eg (til dømes) flytta hit i si tid. (...) Eg ynskjer at heradet skal orka å setja strengare grenser på naturen og fellesskapet sine vegner»

«Natur, kultur, lokalmat, røket, sport/ekstremsport og det breie aktivitetstilbuet. Kompakt, akkurat passe stort»

«Frisk luft, rent vann, sentralt, flott natur, konserter, festivaler, kulturliv, grunderbygd, innovativ, løsningsorientert»

«Naturen! Uten tvil. Flytta til Voss pga. elvene for 10 år siden, blir boende pga. elvene og flotte naturområder. Flytter fra bygda hvis dette ikke tas vare på (...)»



Figur 13 "Kva gjer Voss til ein attraktiv stad for fastbuande og besøkande?" (N=718)




## 5. Utfordringar og forbettingspotensial

Når det gjeld innbyggjarane si oppfatning av utfordringar og forbettingspotensial ved turismen på Voss, er det i stor grad knytt til strukturelle forhold som infrastruktur, kommunikasjon / informasjon og tilrettelegging.

- 70% er heilt eller delvis einige i at turistane skapar trafikkfarlege situasjonar
- 54% er heilt eller delvis einige i at ein er for lite flinke til å tene pengar på turismen
- 53% er helt eller delvis einige i at turisme bidreg til å presse opp bustadprisane
- På dei øvrige påstandane er det tilnærma lik andel som er einig vs. ueinig

I dei kvalitative tilbakemeldingane nyanserast biletet. Eksempelvis er trafikksituasjonen eit gjennomgåande tema. Det er derimot fleire som meinat det er viktig å påpeike at dette ikkje er turismen sin feil, men ei utfordring som gjeld for pendlarar og innbyggjarar som følgje av forhold knytt til vegstandard, skilting, informasjon, vinterforhold etc.



Figur 14 «Kor einig eller ueinig er du i følgande utsegn om utfordringar ved turisme, der du bur?» (M=1024)

## 5.1. Innspel og kommentarar

Ordskya illustrerer tilbakemeldingar på spørsmålet «Opplever du utfordringar ved turisme der du bur?» (ordsky fig. 15). Både her og i spørsmålet «Kva kunne gjort Voss til ein endå meir attraktiv stad?» er det mange konstruktive og engasjerte tilbakemeldingar. Nedanfor oppsummerast ei rekke opplevde utfordringar og forslag til forbetring.

### Trafikksituasjonen

- For få parkeringsplassar i sentrum
- Vegstandard på bygda - forbetningspotensial
- Også togtilbodet og utfordringar for pendlarar med fulle tog og uføresieleg kapasitet tas opp av fleire
- Kødanning og trafikkaos i høgesong / langhelger (dette er også ei heit potet i fritidsbustadundersøkinga)
- Irritasjon knytt til bobiltrafikken – mest sommarstid
- Avgrensa kapasitet mht. bobilparkering / campingplassar
- Fleire moglegheiter for bobilparkering

### Fritidsbustadutvikling

- Fleire stiller seg kritiske til nedbygging av natur / irreversibel naturøydeleggning og kortsiktig planlegging
- Lysforueining
- Avgrensing til naturområde for allmenn ferdsel
- Auka privatisering = utfordring av allemannsretten
- Byggesaksbehandling opplevast til dels som variabel
- Prispolitikk / buplikt (i favør av strengare bupliktregulering)



Figur 15 Ordsky basert på innspel til spørsmålet: «Opplever du andre utfordringar ved turismen der du bur?» (N=294)

### Sitat frå svar på spørsmålet: «Opplever du utfordringar ved turisme der du bur?»

«Kommunen må ha flere toalettanlegg når folk samles på Strendene. Jeg fikk beskjed om å bruke campingplassen sitt toalett, men der er det kodelås på dørene. Så folk går i skogen, det er helt uholdbart og ekkelt»

«For lite fokus på kulturarven, og litt lite merksam mot lokal produsert lokalmat, gardsutsalg»

«Ein må ta vare på dei som jobbar innan reiseliv slik at dei blir verande i jobben sin. Ein bør også samarbeide meir med nærliggende kommunar om dei samme turistane Handelsstanden gjør ikke nok for å serve turister. Det går ikke an å stenge butikken klokka 1700 når det myldrer av folk i gatene»

«Økt biltrafikk, forurensing, estetisk stygge hyttebyer, støy fra alpinanlegg, støy frå flytrafikk i Bømoen. Lysforurensing av naturområda og bebyggelse»

«For meg så er hovudutfordringa hytteturisme og hyttefelt som vert bygd. Naturverdiar som tidlegare var tilgjengelege for alle vert øydelagde og sperra inne frå ålmenhet»

## Opplevingsutvikling:

- Fleire gratis aktivitetar (i regi av kommunen, som til dømes: leikeplass / boccia / frisbeegolf /minigolf / grillplassar / badstu etc.
- Fleire påpeikar eit uforløyst potensial knytt til heisbasert sti- og downhill sykkelutvikling – vises bla. til Trysil / Hafjell og Hallingdal
- Ynskje om hyggelegare prisar / tilgjengeleight av aktivitetstilbod for lokalbefolkinga
- Kvalitetssikring av opplevelingar og aktivitetar – auka profesjonalisering
- Meir fokus på mat og matopplevelingar / restauranttilbod
- Samarbeid med omkringliggende kommunar for å ta vare på gjestane / auka opphaldstid
- Bordalsgelet – godt besøkt, potensial for tilrettelegging
- Heilårsturisme – jobbe for eit heilårstilbod / heilårsarbeidsplassar
- Bekymring rundt «Instagramturisme» - behovet for ansvarleg marknadsføring
- Potensial for opplevingsutvikling i bygdene og grendene
- Fleire lågterskel innandørsaktiviteter ved regnversdagar (ishall, klatrehall, utvikle Vossabadet)
- Gode avtaler for fastbuande på skianlegga

## Sentrumsutvikling

- Betre løysningar på parkering / trafikkhandtering
- Opningstider på butikkar: koordinere opningstider spesielt sommarstid
- Gågate – spesielt ein del innspel om å stenge Vangsgata for trafikk sommarstid
- Informasjon og skilting
- Betre mangfold i butikktilboden i sentrum, inkl. serveringstilbod / ref. lokalmat
- Betre tilrettelegging for sykling i sentrum
- Toalettfasilitetar / søppelhandtering
- Leikeplass / fasilitetar ved stranda med fokus på barnefamiliar / ungdommar
- Betre tilrettelegging for bubar / bobilparkering




Foto: Karoline Fosse

- Meir levande sentrum på ettermiddag / kveldstid
- Større sentrumsnær camping
- Fokus på universell utforming
- Utandørsarrangement / kultur i gatene
- Søndagsopne butikkar

#### Tilrettelegging

- Kanalisering av naturopplevingar / turmoglegheiter for turistar
- Tilrettelegging i sentrum og vangen – toalettfasilitetar, parkeringsmoglegheiter, skiltinformasjon, camping/bubiltilbod
- Fokus på utvikling i grendene
- Toalettfasilitetar / søppelhandtering
- Betre kollektivtransport som også er forståeleg og tilgjengeleg for besökjande
- Fokus på utvikling av grendene og kopling mellom Voss sentrum og dei ulike grendene
- Plattformar for innbyggjarinvolvering

#### Miljø og klima

- Flystøy er ein gjengangar
- Kanalisering av ferdsel og ivaretaking av sårbare områder
- Verne elver og vassdrag
- Skepsis til instagramturisme – eksponerer perler som ikkje er tilrettelagt for turisme
- Tydelegare retningslinjer / «code of conduct» for å hindre konfliktar mellom turisme og beitedyr
- Betre kollektivtilbod for fastbuande og besökande

#### Kapasitet

- Legevakt / sjukehus
- Pendlarruter på tog
- E16
- Gågate / Sykling i sentrum /universell utforming

**Sitat frå spørsmålet: Kva kunne gjort Voss til ein endå meir attraktiv stad?**

«Meir lokal mat i sentrum, små butikkar med lokalmat og lokal tradisjon, lengre åpningstider, bakeri med frokostservering, ein restaurant med mat som ikkje er Kina eller texmex eller slikt»

«Fleir parkeringsplasser. Benker og bord i sentrum. Større campingplass i sentrum. Bruke prestegardsmoen bedre med aktiviteter for store og små»

«Mer aktiviteter, och gärna billiga/ gratis utomhusaktiviteter som frisbeegolf. Söndags öppet, speciellt under högsäsong. Torgsalg borde hålla öppet söndagar»

«Betre "intern kollektivtrafikk", shuttle mellom aktivitetar og sentrum»

«Viktig å ta vare på det unike, det vi vil vise fram. Alle « perler » treng ikkje å koma på sosiale media. Meir tilrettelagt for sykling i det daglege, sykkelfelt i fleire vegar»

«Opprusting av sentrum, faste tilbod / samhandling av turistnæringen, kulturtilbod og skiheisene»

«Fleire toaletter som vert skikkelig reingjort. Fleire lette turløyper til barnefamilier, laga til utekino stundom»

## 6. Avsluttande kommentarar

Til slutt i undersøkinga var det opent for frie svar / attendemeldingar uavhengig av tema. I alt 365 kommentarar vart lagt inn her.

Desse underbygger langt på veg dei svara som er komne inn i undersøkinga gjennom andre spørsmål.  
Mange har ei kampsak som dei slår eit slag for som eit siste ord:

Eksempel:

- Diverse meningar rundt flyplassen
- Vern av elver og vassdrag
- Avgrense hytteutbygging
- Prioriteringar ift. reiselivsutvikling
- Sentrumsutvikling
- Turområde og ulike utfordringar
- Utvikling i grendene
- Osv.

### Siste ord:

*Verdens beste sted å bo for friluftsliv glade folk (så lenge toget til Bergen går relativt ofte - MÅ jo komme meg til jobben og ;)*

*Flystøy er skjemmende. Ta hensyn til innbyggere ved innflyging og ved løft.*

*Hadde vore fint å bremse hytteutbygginga.*

*Synes at Visit Voss sin kampanje med å ikkje #naturperlene er bra.*

*Det er ikkje alle stader i bygda det er god nok infrastruktur til å ta i mot turistar i bil.*

*Skal ein fremja stader som er fine å besøka, bør ein sjå til at det er nok parkering og søppelcontainarar.*

*Det må bli slutt på naturødeleggende hyttebygging og andre store naturinngrep. Det må komme på plass en langt mer offensiv besøksforvaltning som gjør det lett for tilreisende å finne parkeringsplasser, doer, skilt og søppelspann nær populære turområder.*

*Bevar fallskjermklubben!*

*Om ein legg til rette for fleire arbeidsplassar innan blant anna turisme i periferien, vil det og flytte fleire folk til grendene*

*Kunne gjerne informert tilreisande betre om lokale mattradisjonar.*

*Det er veldig dyrt på Voss. Masse me ynskjer å vera med på. Tenk å fått eit felles årskort på dei ulike aktivitetane*

*Det vert satsa meir på turisme enn tilbod til faste innbyggjarar*

*Mykje er bra, Voss er ein god stad å bu, men t.d trygg sykkelveg, trafikkplan, opprusting av komm.vegar er noko eg ser som viktig!*

*Premiss for at vekst i antal turistar (ref. tidlegare spørsmål) er ynskjeleg er at ein greier å fordela dei både ifht sesong og geografi.*

*På Voss er ALT mulig!!*


# VISITVOSSE



Foto 1: Voss Active



Foto 2, 3 og 4: Karoline Fosse



Voss herad